

NGU Rapport 93.035

SALT INDUSTRIGRUNNVANN  
Delprosjekt: Oppfølgende geologiske og  
geofysiske undersøkelser av fjorddeltaet på  
Sunndalsøra, Møre og Romsdal

Rapport nr. 93.035	ISSN 0800-3416	Gradering: Åpen
<b>Tittel:</b> <b>SALT INDUSTRIGRUNNVANN.</b> Delprosjekt: Oppfølgende geologiske og geofysiske undersøkelser av fjorddeltaet på Sunndalsøra, Møre og Romsdal		
Forfatter:  Oddmund Soldal, Noralf Rye, Eirik Mauring og Erik Halvorsen	Oppdragsgiver:  Samarbeidsprosjektet "Salt industrivann" (NGU, NTNF, Akvaforsk, UiB)	
Fylke:  Møre og Romsdal	Kommune:  Sunndal kommune	
Kartbladnavn (M=1:250.000)	Kartbladnr. og -navn (M=1:50.000)  Sunndalsøra 1420 III	
Forekomstens navn og koordinater:	Sidetal: 91	Pris: kr. 110,-
Kartbilag:		
Feltarbeid utført:  1991-1992	Rapportdato:  15.03.1993	Prosjektnr.:  63.2306.06
		Ansvarlig:  <i>Eirik Finne</i>
<b>Sammendrag:</b> <p>Fjorddeltaet på Sunndalsøra er undersøkt ved boringar med uttak av vass- og sedimentprøvar, samt geofysiske undersøkingar.</p> <p>Deltaet er av fleire generasjonar og er oppbygd av minst 400 m mektige lausmassar i sentrale delar. Den øvste delen er avsett i Holosen, to dateringar viser at avsetningane i ytre deltaområdet er yngre enn 2000 år. Deltaet byggjer seg ut ca 1 m pr. år og vertikal oppbygging er estimert til ca 5 cm pr. år. Skiftande posisjonar til elveløpa har ført til ei syklistisk veksling i kornstorleik.</p> <p>Fordelinga mellom salt og ferskt grunnvatn er styrt av skilnaden i spesifikk vekt, dei hydrauliske gradientane og den hydrodynamiske dispersjonen. Nær elvane er påtrykket av ferskvatn størst og mykje ellevatn vert infiltrert inn i akviferen. Kanalar og andre forsenkningar på deltaflata er utstrøymingsområde for grunnvatnet. I midtre delar av deltaet er inntringinga av salt grunnvatn størst.</p> <p>Blandingsgraden mellom salt- og ferskvatn dominerer ionesamansetninga av vatnet. I det ferske vatnet er også adsorbsjon, ionebytte og forvitring viktig for den kjemiske samansetninga av vatnet. Georadar- og geoelektrisk profilering viser fordelinga av salt og ferskt grunnvatn og kan brukast til å estimere den hydrauliske gradienten og straumretningane til grunnvatnet.</p>		
Emneord: Hydrogeologi	Geofysikk	Refleksjonsseismikk
Sedimentologi	Salt grunnvann	Grunnvannskvalitet
		Fagrappo

## INNHOLD

1	INNLEIING . . . . .	4
1.1	Det undersøkte området . . . . .	4
1.1.2	Klima . . . . .	5
1.1.3	Nydanning av grunnvatn . . . . .	5
1.2	Tidligare arbeid . . . . .	5
1.3	Utført feltarbeid . . . . .	7
2	METODAR . . . . .	9
2.1	Boring og prøvetaking . . . . .	9
2.1.1	Resultat, boringar . . . . .	9
2.2	Vassanalysar . . . . .	10
2.2.1	Resultat . . . . .	11
2.3	Grunn reflekssjonsseismikk . . . . .	12
2.3.1	Utføring . . . . .	12
2.3.2	Resultat . . . . .	13
2.4	Georadar . . . . .	14
2.4.1	Utføring . . . . .	14
2.4.2	Resultat . . . . .	15
2.5	Elektrisk profilering (pol-dipol-målingar) . . . . .	16
2.5.1	Utføring . . . . .	16
2.5.2	Resultat . . . . .	17
3	GEOLOGISK OPPBYGNING OG GENESE . . . . .	18
3.1	Alder på avsetningane . . . . .	18
3.2	Sedimentasjonsrate . . . . .	18
3.3	Sedimentologi . . . . .	19
3.4	Konklusjon . . . . .	21
4	HYDROGEOLOGI . . . . .	22
4.1	Hydrokjemi . . . . .	22
4.1.1	Sulfat . . . . .	22
4.1.2	Adsorbsjon/ionebytte/forvitring . . . . .	23
4.1.3	Metningsgrader . . . . .	24
4.1.4	Inntrengning av salt grunnvatn . . . . .	25
4.1.5	Konklusjon . . . . .	26
4.2	Infiltrasjon av vann fra elv til grunnvassmagasin . . . . .	27
4.2.1	Diskusjon . . . . .	29
4.3	Konklusjon . . . . .	30
5	REFERANSER . . . . .	32

## FIGURAR

### VEDLEGG

- Vedlegg 1: Analyseresultat, vassprøvar frå 1992
- Vedlegg 2: Bruksområde for grunn reflekssjonsseismikk
- Vedlegg 3: Bruksområde for georadar
- Vedlegg 4: Geoelektriske profil (pseudoseksjonar)

# 1 INNLEIING

Dette er sluttrapport for delprosjekt 500: Oppfølgende geologiske og geofysiske undersøkelser. Delprosjektet inngår i prosjektet Salt industrigrunnvann. Feltarbeidet er utført på fjorddeltaet på Sunndalsøra.

Delprosjektet har hatt som hovedmål å få kunnskap om oppbygning, samansetning, alder og utvikling av fjorddeltaet, hydrogeologiske forhold og utprøving av kor eigna ulike geofysiske metodar er til undersøking av slike område og tema.

Eit viktig aspekt ved desse undersøkingane er å vurdere om salt;brakt grunnvatn førekjem i tilfredstillande mengder og kvalitet til at det er eigna til bruk i akvakulturnæringa.

I Norge er dette nye problemstillingar som krev at ein må skaffa seg kunnskap om grunnleggjande geologiske og hydrogeologiske forhold, samt metodar for undersøking av desse.

Personell frå NGU, UiB og SFDH har deltatt i undersøkingane og analysearbeidet. I tillegg har Akvaforsk støtta opp med analysar, prøvetaking og praktisk tilrettelegging.

## 1.1 Det undersøkte området

Figur 1.1 viser det undersøkte området.

### 1.1.1 Topografi

Sunndalen og Litledalen er djupt nedskorne dalar i eit høgfjellsplatå. Dei høgaste fjella i området når opp til ca. 1700 m o.h.. Sunndalen har liten stigning i nederste del og inneholder store mengder av lausmassar. Litledalen er smalare og har større stigning. Sunndalen og Litledalen går saman på Sunndalsøra, og Sunndalsfjorden er fortsetjinga av dalane.

Fjorddeltaet er samanvokst av Driva og Litledalselva sitt delta. Når vi i det følgjande snakkar om deltaet på Sunndalsøra meinar vi det samanvokste deltaet om ikkje noko anna er nemnt.

### **1.1.2 Klima**

Gjennomsnittleg nedbør på Sunndalsøra er 879 mm/år. I 1990 var nedbøren 947 mm og i 1991 1082 mm. Dei ni første månadane i 1992 hadde det kome 770 mm, dersom det ikkje kjem ekstra nedbør i slutten av hausten, vil dette verta eit normalår.

Evapotranspirasjonen (ET) er estimert ved eit såkalla Penmanestimat (Det norske meteorologiske institutt). Estimatet for 1990 er ca. 625 mm og i 1991, 551 mm. Det manglar fordampingsestimat for januar 1990. Vi har rekna ut gjennomsnittet for ET i januar 1991 og 1992 og lagt dette til ET for dei elleve siste månadane i 1990.

Gjennomsnittstemperatur i 1990 var 8.3 °C og i 1991 7.4 °C.

### **1.1.3 Nydanning av grunnvatn**

Deltaområdet er flatt og overflateavrenninga er liten, derfor kan nydanninga av grunnvatn reknast som nedbør minus evapotranspirasjon.

I 1990 var nydanninga av grunnvatn 322 mm og i 1991, 531 mm.

Det sentrale deltaområdet er i storleiksordenen 250 000 m<sup>2</sup>. Gjennomsnittstalet for nydanning av grunnvatn via nedbør i 1991 og 1992 vert då 107 500 m<sup>3</sup>/år (3,4 l/sek).

Som vist i kap. 4, så er det også ei vesentleg nydanning av grunnvatn som skjer ved infiltrasjon av vatn frå elvane. Dette bidraget er vanskelegare å tallfeste.

## **1.2 Tidligare arbeid**

Det er utført mange arbeid som kan gi informasjon om geologisk oppbygging og hydrogeologiske forhold i deltaet. I dette avsnittet vert dei viktigaste arbeida refererte. Ein del av desse er sluttrapportar som oppsummerer tidlegare undersøkingar med tilsvarende problemstillingar.

**Kvartærgeologisk kartlegging** i området er utført av Follestad (1987). Fluviale sediment dekker heile dalbotnen i nedre deler av dalane. Lenger opp i dalane ligg det store breelvavsetningane i fleire trinn. Isfrontposisjonen i Yngre Dryas er representert ved avsetningane nedst i dalane. Ei datering frå den nedste avsetninga i Litledalen tyder på at deler av avsetninga er av Preboreal alder.

Kummeneje har i samband med ei evt. utbygging av nytt havneområde ytterst på deltaet gjennomført totalt 18 boringar. I seks av desse boringane er det tatt prøver. Det største boredjupet er ca. 50 m (Kummeneje, 1985, 1989). Vi viser til desse rapportane for detaljert omtale av boreresultata.

Generelt kan resultata oppsummerast på følgjande måte (Kummeneje, 1989):

0 til 5-10 m djupn:	Vekslande sand- og siltlag, svært laust avsett.
5-10 til 35-40 m djupn:	Relativt homogene sandige/siltige avsetningar, dels med reine siltlag.
35-40 til 45-50 m djupn:	Vekslande sandige, siltige og leirhaldige lag. Truleg klarare lagdeling enn ovanfor. Gradvis overgang mot meir finkorna eller lausare lag mot djupet.

I boringane vart det observert lag som er rike på organisk materiale.

I samband med det kommunale vassverket på Sjølandsøra er det gjort mange boringar, **prøveinnsamling, testpumping, prøvepumping og produksjonspumping** (Storrø, 1986). Sjølandsøra er ei elveslette med toppflate 2-3 m over Driva sitt nivå og 7-8 m o.h.. Avsetninga dannar eit ope grunnvassmagasin som vert dominert av 2-3 m stein og grus over 17-18 m med grov sand/fin grus. På ca. 20 m djup ligg det finsand/silt som dannar botnen på magasinet. Det er variasjon i djupna til dette finkornige laget. Mykje organisk materiale er funne i avsetningane.

Sedimenta har stor hydraulisk konduktivitet og store vassmengder kan utvinnast, men det har vore store problem med for høgt jerninhald i vatnet. Grunnvatnet vert no utvunne så høgt oppe i avsetninga at jernproblemet vert unngått.

**Akvaforsk** nyttar ferskt grunnvatn frå ei elveslette i Litledalen. NGU har gjennomført mange boringar på denne elvesletta for lokalisering av gode brønnpunkt (Nielsen, 1989) (borpunkt C,D og E, fig.2.1). Det er også utført boringar seinare i dette området (Eiliv Danielsen, pers.medd.)

Grunnvatnet i området har svært god kvalitet. Det er svakt stigande jerninhald djupt i avsetninga, men dette utgjer ikkje noko problem. Boringane viser at det er opptil 22 m med grove avsetningar. Opp Litledalen minkar tjukna på grovkorna avsetningar. Det er ikkje rapportert funn av organisk materiale i desse avsetningane i Litledalen.

Det er gjennomført undersøkingar ved **Litledalselva** sitt utløp (Soldal, m. fl., 1990a og b, 1992, 1993). Målsetninga med desse arbeida har bl.a. vore å karleggja om det var råd å nytta det salte grunnvatnet i deltaet til fiskeoppdrett. Boringane viste ca 25 m med grove

sediment over finsand/siltavsetningar. Prøvepumpinga resulterte i ein dramatisk nedgang i saltinnhald i grunnvatnet. Det er dessutan ein del hydrogensulfid i vatnet som gjer at det er dårlig eigna til bruk utan behandling.

I samband med prøvepumping og utprøving av utstyr er det bora og tatt prøver av grunnvatnet og sedimenta langt ute på Litledalselva sitt delta (borpunkt A og B, fig.2.1). Desse undersøkingane stadfester det som er gjort lenger inne på same deltaet (Soldal, m.fl. 1990a).

NGU har teke prøve av overflatesedimenta ved Litledalselva sitt delta for kartlegging av **PAH-forurensing** (Volden, 1991). Det vert rapportert om PAH-verdiar høgare enn sannsynleg bakgrunnsverdi i 12 av 49 prøver.

Storset (1992) har utført **bakteriologisk undersøking av salt grunnvatn**. Han har brukt Vibrio-bakteriar som indikator på sjøvatnpåverknad. I det utpumpa salte grunnvatnet førekjem Vibriobakteriane i eit langt mindre mengde enn i sjøvatn. Bakterietallet ser ut til å følgje sykliske svingningar, men har ingen samanheng med tidevatnet sine fluktuasjonar.

Det er gjort **geotekniske undersøkingar** på Norsk Hydro, Sunndal verk sitt industriområde, sjå Noteby (1991) for oversikt over tidlegare arbeid. Generelt er det grovare sediment til større djup her enn i andre delar av deltaet. Fleire boringar viser sand og grusavsetningar ned til minst 50 m under terreng. Noteby (1991) har m.a. undersøkt **PAH-forurensinga av grunnvatn**. Dei rapporterer forurensing ned til 7 til 9 m under havnivå.

Refraksjonsseismiske undersøkingar av Hillestad (1984) viser at det er minst 500 m med lausavsetningar sentralt i deltaområdet.

Rønning (1985) har gjort geofysiske målingar på Sunndalsøra.

### 1.3 Utført feltarbeid

Dei første undersøkingane i delprosjekt 500, vart gjennomførde våren 1990 og dei siste hausten 1992.

**Boringar:** 10 boringar i 1990, 2 boringar i 1991 og 5 boringar i 1992. Berre 1 av boringane frå 1991 er rapportert fordi den andre ligg tett ved ein av boringane frå 1992 (fig.2.1).

**Refleksjonsseismikk:** 600 profilmeter i 1990 og 200 m i 1991.

**Georadar:** Ca. 3500 profilmeter i 1991 og ca. 2500 m i 1992 (fig.2.7).

**Geoelektrisk profilering** (pol-dipol målingar): Målingar i 1991 og 1992 (fig. 2.12).

**Langtids prøvepumping:** I alt tre ulike stader har vore utprøvd for prøvepumping og pumpeforsøk for estimering av hydrauliske parametrar for akviferen.

Dei fleste undersøkingane har vore konsentrert om eit område ved Litledalselva sitt utløp. Resultata av desse undersøkingane vart rapportert i NGU-rapport 90-067 (Soldal, m.fl. 1990), i ein populærfagleg artikkel (Soldal,et al. 1990) og i to vitenskapelege avhandlingar (Soldal, m.fl. 1992, 1993).

## 2 METODAR

### 2.1 Boring og prøvetaking

Til boringane i 1990 og 1992 vart NGU sin beltegåande borerigg, Borros brukt. Ei bærbar Pionjär boremaskin vart nytta i to boringar i 1991. Plassering av borpunkta er vist i fig. 2.1. Prinsippa for registrering av kornstorleik er like for begge boremetodane. Penetrasjonsmotstand og lyd ved boring vert nytta til tolkning. Betre grunnlag for objektiv tolking får ein ved nedsetting av 5/4" røyr og uttak av masseprøver og testpumping. Det er likevel grunnlag for ein del individuelle vurderingar i tolkinga.

Erfaringa til dei som utfører boringane er svært viktig i vurderinga av resultata.

Masse- og vassprøver vart innsamla under testpumping frå 5/4" jernrøyr med slisseopning 3-4 mm og filterlengd ca. 1 m. Masseprøver kan ein få ved både utsøyling frå masser som har samla seg i røyret under neddrivning og ved utpumping av vatn. Vi har berre nytta pumpeprøver fordi dei er meir representative for sedimentet i det nivå filteret er plassert.

Vassprøvene er innsamla etter ca. 15 min. pumping, eller lengre tid der det er mykje finkorna sediment. Under boringane i 1990 vart berre temperatur og vassføring registrert p.g.a. feil med eit instrument. pH og alkalinitet vart målt på laboratoriet.

Vassprøvene vart analysert ved NGU sitt laboratorium etter standard prosedyrar (Ødegård og Andreassen, 1987).

Kornfordelinganalysane vart analysert ved sedimentlaboratoriet til NGU.

Under testpumping vart det også innsamla ein del skjell og organisk materiale som vart nytta for radiologisk datering. Ein prøve av større trerestar vart analysert ved Laboratoriet for radiologisk datering ved NTH i Trondheim (T-9899). Ein prøve av mindre skjellrestar vart analysert i Uppsala (TUa-292).

#### 2.1.1 Resultat, boringar

Boringane viser at deltaet utgjer ein open akvifer. Den dominante kornstorleiken er stein/grus over sand/grus (fig. 2.2 a og b). I dei fleste boringane treffer ein finkorna sediment under sand/gruslaget. Dei grovaste sedimenta ligg ved Driva sitt utløp i fjorden (fig. 2.2, boring 13).

Som vist av Soldal et al. (1992) er det ei veksling i kornstorleik som skuldast plasseringa av elvemunningen på ulike tidspunkt under deltautbygginga.

## 2.2 Vassanalysar

Prøvene vart analyserte for kation ved atomadsorbsjon (ICAP), anion ved ione-kromatografi, Gran titrering vart brukt til å finna alkalinitet, pH vart funne ved å bruka eit pH-meter og elektrisk ledningsevne vart funne ved å bruka eit konduktivimeter.

På grunn av høgt ioneinnhald i mange prøver er deteksjonsgrensa for dei ulike parametrane relativt høg, men prosentvis utgjer ikkje dette noko stor feilkjelde for hovedelementa. Ein mister likevel i mange tilfelle informasjon om diverse sporelement som kan vera viktige for karakterisering av vatnet.

Bikarbonat er ikkje analysert direkte, men i det aktuelle pH-området vil det meste av alkaliniteten skuldast bikarbonat (Freeze & Cherry, 1979). Analyseresultata er lagt inn i rekneark (Lotus) for å kunne studere forholdet mellom dei ulike elementa.

Prøver fra boring 1-7 er lagt inn i et dataprogram, PCWATEQ (Rollins, 1989) for utrekning av ionestyrke, TDS, aktivitetar og likevekter. Dette programmet tek omsyn til dei ulike iona sin aktivitetskoeffisienten som funksjon av ionestyrken, dette er viktig ved såpass høg salinitet som det er påvist i grunnvassprøvene.

For å testa programmet/analyseane er det også brukt eit anna program, SOILSOLN (Walt, 1987) som er eit læringsprogram for modellering av likevekter. SOILSOLN og PCWATEQ bruker noko ulike opplysningar for utrekningane. Dersom ein får tilnærma like resultat med dei ulike programma er dette ein god kontroll på analysar/utrekningar.

Det er relativt godt samsvar i resultata frå dei to programma. Felles for begge programma er at dei reknar ut likevekter for gibbsitt og alunitt. PCWATEQ reknar også ut likevektene for kalsitt og dolomitt som er dei minerala som vert nytta som referanse her.

PCWATEQ-resultatene let seg lagra på ei datamaskin, det gjeld ikkje for SOILSOLN. Det vert derfor berre nytta PCWATEQ-resultat.

## 2.2.1 Resultat

Analyseresultata frå første del av undersøkinga er rapportert i Soldal et al. (1990), Prøvene som vart innsamla i 1992 er vist i vedlegg 1.

Tabell 2.1 og fig. 2.3 viser fordelinga av hovedelementa i sjøvatn frå 40 m djupn i fjorden, salt grunnvatn, ellevatn frå området, ferskt grunnvatn frå borpunkt 4 (A) og grunnvatn frå akviferen lenger frå sjøen (B).

Prøve A er frå 5 meters djupn i borhol nr.4.

Det salte grunnvatnet er frå 17 m djupn i borpunkt 3.

Konsentrasjonane i alle prøvene er oppgitt som ppm.

**Tabell 2.1**

	Na + K	Cl	SO4	HCO3	Ca	Mg
Sjøvann	10155	18700	2500	138.5	385.9	1200
Salt gr.v.	9603	15700	2400	163	399.5	1300
Ellevann	2.6	3.8	2.7	6.1	1.3	0.32
A ferskt gr.vann	196.8	329	2	17.1	14.3	25.1
B ferskt gr.vann	35.4	56.3	13.1	13.4	8.7	4.4

Sjøvatnet skil seg lite frå det salte grunnvatnet. Det er større skilnad mellom ellevatn og ferskt grunnvatn, grunnvatnet inneholder som venta meir av dei fleste ion enn det overflatevatnet gjer. Eit unntak er prøve A som har tilnerma likt innhald av  $\text{SO}_4^{2-}$  som ellevatnet. Prøve B har lågare ioneinnhald enn A unntake for  $\text{SO}_4^{2-}$ , noko som kan skuldast at prøve A er meir påverka av marine forhold. Det låge  $\text{SO}_4^{2-}$ -innhaldet i prøve A skuldast helst reduserande forhold, d.v.s. at  $\text{SO}_4^{2-}$  er redusert til  $\text{HS}^-$ .

Vassprøvene viser ei relativt brei blandingssone mellom salt og ferskt vatn (fig.2.4). Storleiken på denne er styrt av tidevassforskjellen og den hydrodynamiske dispersjonen (Soldal et al. 1993).

Dei hydrokjemiske forholda vert meir omtala i kap.4.1.

## 2.3 Grunn refleksjonsseismikk

Innhaltet er vesentleg basert på Hunter et al. 1988.

Høgoppløyseleg refleksjonsseismikk er tilpasning og modifisering av konvensjonelle refleksjonsseismiske teknikkar. Metoden kan nyttast til å registrere laggrenser og strukturar i bakken ved hjelp av lydbølgjer. Bølgjer vert reflektert frå grenser med endring i akustisk impedans (= produktet av lydfart og tettleik). Målingane vert utført med CDP-teknikken ('common depth-point') (fig.2.5). Det vert valgt ein fast avstand mellom skot og geofonrekke (24 geofonar). Avstanden vert valgt slik at innslag av "støy" (Rayleigh-bølgjer og luftbølgjer) vert minimalt. Ein får eit CDP-opptak ved at første skot vert registrert på geofonane 1-12 (6-fold dekning). Deretter vert skotpunktet flytta fram ein avstand som tilsvrar geofonavstanden, og det vert registrert på geofonane 2-13. Geofonrekka vert altså flytta framover i profilretninga. Data frå kvart skot vert lagra for seinare prosessering.

Bruken av høgoppløyseleg grunn refleksjonsseismikk er basert på god forplantning og registrering av høgfrekvent energi. Dei frekvensane som vert nytta ligg vanligvis i området 100-500 Hz, og reflektorar kan kartleggjast på djup i området 10 m til fleire hundre meter. Finkorna, vassmetta lausmassar forplantar høgfrekvent energi godt. Erfaring viser at det er viktig at lausmassene er vassmetta. Tørt og grovkorna materiale forplantar høgfrekvent energi dårlig.

Som høgfrekvent energikjelde vert det vanligvis nytta spesiallaga haglbørser. Geofonane som vert nytta har høg eigenfrekvens (50 eller 100 Hz). Registreringsinstrumentet (seismografen) har vidt dynamikkområde (høg oppløysning) og tett samplingsintervall.

Digital prosessering må utførast før presentasjon og tolkning av seismisk tidsseksjon. For CDP er det vanleg å utføra følgjande prosessering; trase-editering, CDP-sortering, muting, "hastighetsanalyse" (for djupnekonvertering av tidsseksjon), båndpassfiltrering, CDP-stacking, residuell statisk korreksjon og migrering.

Bruksområde for grunn refleksjonsseismikk er omtala i vedlegg 2.

### 2.3.1 Utføring

Dei fleste refleksjonsseismiske målingane er omtala i Soldal et al. (1990a, 1992). Her tek vi for oss målingar utført i 1991.

Ved utføring av dei refleksjonsseismiske målingane vart det nytta ein teknikk kalt 'common depth-point' (CDP). Ved å registrere på 12 kanalar vart det oppnådd 6-fold (600%) dekning.

Ved målingane vart det som registreringsinstrument nytta ein 24-kanals digital 12-bits seismograf av typen Scintrex S-2 'Echo'. Det vart nytta geofonar med 50 Hz egjenfrekvens. Energiseringskilda var 12-kalibers haglskot avfyrt frå ei spesiallaga børse.

Det vart målt eit profil (fire 12-geofonars utlegg) med ei lengde på 200 m langs georadarprofil D (fig.2.7). Viktige opptaksparametrar er lista i tabellen under;

Parameter	Verdi
Kanalar	12
Geofon- og skotavstand (m)	4
Avstand frå skot til første geofon (m)	20
Analogt lågkuttfilter (Hz)	200
Analogt høgkuttfilter (Hz)	2000
Opptakstid (ms)	150

Datakvaliteten var middels god. Digital prosessering omfatta; CDP-sortering, muting, "hastighetsanalyse", båndpassfiltrering (150-400 Hz), CDP-stacking og residuell statisk korreksjon.

### 2.3.2 Resultat

Det seismiske profilet er vist i fig. 2.6.

Målingane stadfester tidlegare undersøkingar (Hillestad, 1984) m.o.t. den store tjukna av lausmassane i deltaet. Vi får også stadfesta at metoden er godt eigna til å studere den sedimentologiske oppbygginga av avsetninga. Dei sterkeste reflektorane finst i dei øvste 30 metrane av deltaet og viser deltautbygging mot nord. Ein ser også at det er større endringar i akustisk impedans øvst i deltaet. På større djupn er det ikkje så tydelege reflektorar. Nord i profilet på ca 60-80 m djup, ser ein reflektorar med hellning nedover mot sør, altså innover på deltaet. Desse strukturane kjem også fram i maringeologiske undersøkingar i fjorden og Giskeødegård (1983) tolker det som kompaksjon av deltasedimenta p.g.a. ujevn fjelltopografi. Ei anna mogeleg tolking er at laga er skråstilte p.g.a. utglidningar.

## 2.4 Georadar

Innhaldet er vesentlig basert på Davis og Annan (1989).

Georadar er ein elektromagnetisk målemetode som kan registrere laggrenser og strukturar i bakken ved hjelp av radiobølgjer. Ved målingane vert det sendt radiobølgjer ned i bakken, der dei vert reflektert frå laggrenser. Det er hovedsakeleg variasjonar i jorda sin relative dielektrisitet ( $\epsilon_r$ ) som gir refleksjon av bølgjer. Reflekterte signal vert registrert analogt eller digitalt. Djupn til reflektorar vert estimert på bakgrunn av tovegs gangtid (t) og bølgjefart i mediet (v). Bølgfarten kan finnast ved CMP-målingar ('common mid-point', Sensors & Software Inc. 19??), eller utreknast frå uttrykket;

$$v = \frac{c}{\sqrt{\epsilon_r}} , \text{ der } c = \text{bølgfart i vakuum } (3 \cdot 10^8 \text{ m/s})$$

Likninga kan berre nyttast dersom ein kjenner  $\epsilon_r$ . Generelt aukar  $\epsilon_r$  med aukande vassinnhald (farten minkar). Djupna til ein reflektor kan utreknast med uttrykket;

$$d = \frac{vt}{2}$$

Svekking av signalstyrken skjer ved damping (absorpsjon), refleksjon, refraksjon og geometrisk spreidning. Dampinga har ofte størst innverknad for svekking av signala. Dampinga aukar med frekvens, relativ dielektrisitet og elektrisk leidningsevne, der sistnevnte faktor er av størst innverknad. Målemetoden er derfor best eigna i område med låg elektrisk leidningsevne (grovkorna sediment). I godt leiande materiale som marin silt/leire vil penetrasjonsdjupna vera helt ubetydeleg. I dårlig leiande materiale kan det ventas ei djupnekkevidde på fleire titalls meter når det vert nytta ei lågfrekvent antenn (f.eks. 50 eller 100 MHz). For grunnare undersøkingar vil ei meir høgfrekvent antenn gje betre vertikal oppløysing.

Bruksområde for georadar er omtala i vedlegg 3.

### 2.4.1 Utføring

Georadarmålingar vart utført langs 16 profil (fig.2.7). Georadaren som vart nytta er digital og av typen pulseEKKO IV (Sensors & Software Inc., Canada). Antenner med senterfrekvens 50 MHz vart nytta. Avstanden mellom antennene var 1 m. Andre opptaksparametrar er vist i tabellen under;

<u>Profil</u>	<u>Filnavn</u>	<u>Flyttavstand (m)</u>	<u>Lengde (m)</u>	<u>Opptakstid (ns)</u>	<u>Sampl.int. (ns)</u>	<u>Stacks</u>
H1	Litlvei	2	474	512	0.8	64
H2	Profilh	2	992	512	0.8	64
F	Haasp_f	1	160	512	0.8	64
C	Akvac.	2	90	512	0.8	64
FT	Haasp_ft	1	71	512	0.8	64
B1	Akva2b	2	478	512	0.8	64
Naustveg	Naustveg	2	498	512	0.8	64
Akvafotb	Akvafotb	2	270	512	0.8	64
Fotbtver	Fotbtver	2	84	512	0.8	64
B	Akva2	2	118	512	0.8	64
D	Haasp_d	2	342	512	0.8	64
1	P1	2	756	1200	1.6	32
2	P2	2	416	1200	1.6	32
3	P3	2	177	1200	1.6	32
4	P4	2	94	1200	1.6	32
5	P5	2	25	1200	1.6	32

Målingane vart utført i område med høg grunnvasspegel, og farten 0.07 m/ns vart nytta ved djupnekonverteringa (basert på erfaringstall). Datakvaliteten vart forringa pga. dårlig penetrasjon som skuldast inntringing av saltvatn frå fjorden. Saltvatn er godt elektrisk leiande og EM-bølgjene vart kraftig dempa.

#### 2.4.2 Resultat

Det er målt svært mange profilmeter med georadar. Vi presenterer derfor eit kart over deltaet med georadaren sin penetrasjonsevne (fig.2.7).

I dei delane av deltaet som har mykje ferskvatn får vi også detaljert informasjon om den sedimentologisk oppbyginga av avsetninga. I den grad det er av nytte, omtalar vi georadar-målingar i kap. 3 og 4.

Ein del generelle eigenskapar til georadarmålingane kjem fram, vi skal presentere dei viktigaste her.

Saltinnhaldet i grunnvatnet har avgjerande innverknad på georadarsignalen sin penetrasjon.

Fig.2.8 viser at penetrasjonsevnen minkar mot nord på figuren p.g.a. saltvassinnntrenging.

Fig.2.9 viser generelt liten penetrasjon, men i midtre del av figuren er det ein lokal auke p.g.a. eit område med grovere sediment i starten på en ny utbygningssyklos (Soldal et al. 1992). Fig.2.10 viser svake signal p.g.a. finkorna flaumsediment og/eller at det er brakt vatn i overflata.

## 2.5 Elektrisk profilering (pol-dipol-målingar)

Metoden vert nytta for å kartleggja laterale og horisontale endringar i elektrisk motstand langs profil.

Den elektriske motstanden til vassmetta sediment er i hovudsak styrt av kornstorleik og ioneinnhald i porevatnet.

I måleprofilen vert det nytta to potensialelektrodar og ein straumelektrode. Ein straumelektrode er plassert "uendeleg" langt unna, i praksis meir enn 400 m.

Ved å halda avstanden mellom potensialelektrodane fast og flytta straumelektroden stegvis utover, får ein ei djupnesondering i kvart punkt. Elektrodeoppsettet vert flytta til neste punkt der ein tek opp att måleprosedyren. Måleprosedyre og utrekning av tilsynelatande resistivitet er vist i fig 2.11.

Motstandsverdiane kan framstillast som profilkurver for kvar straumelektrodeavstand, som djupnesonderingar i kvart målepunkt eller som pseudoseksjonar.

Målemetoden gir eit tilnærma kontinuerleg bilet av motstandsforholda langs det målte profilet.

### 2.5.1 Utføring

I målingane vart det nytta eit ABEM Terrameter. Elektrodeavstand var 5 eller 10 m, dette påverkar kor djupt i avsetninga ein får målingar.

Fig. 2.12 viser plasseringa av dei målte profila. I vedlegg 4 er målingane vist som pseudoseksjonar.

## 2.5.2 Resultat

Ein kan nytta metoden til å tolka geologiske forhold i deltaet. Der porevatnet har høgt saltinnhald vil resistiviteten vera så låg at det er vanskeleg å skilja ut geologiske endringar. Fig. 2.13 viser pseudoseksjon 4. Det skraverte området har ein svak auke i resistivitet som kan skuldast auka kornstorleik.

Vi framstiller resultata som djupn frå overflata til 4 og 32 Ohm-m (fig. 2.14 og 2.15) Der djupna er oppgitt til å vera 16 m, er det i praksis meir enn 16 m.

Karta (fig. 2.14 og 2.15) viser fordelinga av salt og ferskt grunnvatn i deler av akviferen. Variasjonar i kornstorleik gir relativt små endringar i resistivitet i forhold til endringar i saltinnhald.

### **3      GEOLOGISK OPPBYGNING OG GENESE**

#### **3.1    Alder på avsetningane**

I både Sunndalen og Litledalen ligg det store isfrontavsetningane frå slutten av siste istid. Follestad (1987) har datert skjell frå marine avsetningane (80 m o.h.) i framkant av frontavsetninga lengst nede i Litledalen. Denne dateringa på 9740 +/- 250  $^{14}\text{C}$  år viser minimumsalderen på når fjorden vart isfri. Dette indikerer også at isranddeltaet vart oppbygd tidleg i Preboreal.

Vi har fått utført to dateringar av organisk materiale i avsetningane. Fig. 2.1 viser plasseringa av prøvestadene.

Prøve nr. 1 er frå 16 m djupn i borhol nr. 17 og har ein kalibrert alder på  $2035 \pm 90$  år (TUa 2290), prøve nr 2 er frå 20 m djup i boring A og har ein kalibrert alder på  $1150 \pm 50$  år (T 9899).

Eit viktig poeng med å datera avsetningane er at den gjev ein samanheng mellom eigenskapar til grunnvatnet og alderen på avsetningane.

I dei fleste boringane i dei nedre og ytre områda av Litledalsdeltaet og på Sunndalsøra er det registrert organisk materiale i sedimenta. Nedbrytning av dette medfører eit stort forbruk av oksygen. Dette fører til reduserande forhold som gjev grunnlag til ulike redoxprosessar, bl.a. dannning av hydrogensulfid.

#### **3.2    Sedimentasjonsrate**

Prøvene brukt til aldersdatering ligg omlag på linje med den avsetningsretninga deltaet til Driva har bygt ut (Follestad, 1987). Avstanden mellom prøvestadene er ca. 800m, med ein aldersskilnad på 885 år gjev dette ein omrentleg utbyggingsrate på 1 m/år.

Vertikal oppbygning av deltasedimenta kan ein best estimere ved å studere prøve nr. 2 fordi den ikkje er bygt over havnivå. I området som prøve nr.1 er innsamla er det ikkje noko aktivt sedimentasjonsmiljø, eit estimat frå dette området vil derfor gje ein for låg sedimentasjonsrate.

Prøve nr. 2 er henta frå ca. 20 m djup og har ein alder på 1150 år BP, dette gjev ein tilnærma sedimentasjonsrate på 5 cm/år.

Liknande sediment i eit fjordmiljø i Alaska viser sedimentasjonsrater av same storleiksorden (Bartsch-Winkler, m.fl. 1983).

For Altadeltaet har Corner et al. (1990) estimert utbyggingsraten til å vere 0.4 m/år gjennom dei siste 6000 år. P.g.a. at fjorden utvidar seg har denne utbyggingsraten minka. Vertikal oppbygging er estimert til 10 cm/år på 15 m djupn i deltaskråninga.

Det er sjølvagt mange feilkjelder til slike estimat, sedimentasjonen kan ha vore avbroten, erosjon kan ha vore viktig i enkelte periodar, utbygginga kan ha vore ulik ulike stader på deltaet og prøven kan ha vore forurensa. Det er også ein del feilkjelder knytt til dateringsmetoden. Det er også ein fare for at det innsamla materialet kan ha vorte resedimentert. Likevel vel vi å bruka dette estimatet som eit mål på den reelle sedimentasjonen.

### 3.3 Sedimentologi

Fjorddeltaet som har vorte utbygt kontinuerleg så lenge det har vore isfritt i området er eit typisk elvedominert regresjonsdelta. Dette medfører erosjon i eldre avsetningar og ny avsetning lenger ute på deltaet som ei følgje av landhevinga.

Det er rimeleg å tru at sedimentasjonsraten var høg dei første tusen åra etter deglasiasjonen fordi det føregjekk ei rask landheving, lausmassane var lite dekka av vegetasjon og mykje lausmassar var tilgjengeleg for erosjon. Dette er truleg årsaka til at ein ikkje har kvalitetsproblem med grunnvatnet i Akvaforsk sine anlegg, dei kan vera oppbygde av resedimenterte glasifluviale avsetningar utan nemneverdige restar av organisk materiale.

Dei geofysiske målingane viser svært mektige lausmasseavsetningar i deltaet. Boringane til Kummeneje (1989) viser at lagdelinga er klarare under 35-40 m djupn i ytre deltaområde. Dette kan tyda på eit anna sedimentasjonsmiljø, og det mest nærliggande er å tru at dette er glasimarine avsetningar. Den klare vekslinga i kornstorleik kan tyda på ein større variasjon i straumstyrke, noko som er karakteristisk for brenære sedimentasjonsmiljø. Kanskje kan dette i så fall representere ras/utglidningar, fordi avsetningsdjupet må ha vore ca. 170-180 m.

Det seismiske profilet (fig. 2.6) viser sterke reflektorar i øvste del av deltaet. Dette kan skuldast ei større veksling i kornstorleik enn i djupare deler, men også at energimengda i dei seismiske signala er mindre dempa.

Skrålaga med helling innover på deltaet kan skuldast utglidning av sedimenta. Ei anna mogeleg forklaring er at profilet viser deler av ein submarin isfrontavsetning. Vi trur ikkje at denne lagstillinga kan skuldast kompaksjon av sedimenta fordi det ser ut til å vera horisontale lag under dei skråstilte laga.

Deltaet ser ut til å vera av fleire generasjonar. I dette prosjektet er vi først og fremst interessert i den yngste deltagenerasjonen fordi den viktigaste akviferen finnst der.

Dei fleste kornfordelingsanalysane frå den yngste delen av deltaet (Soldal, m.fl. 1990) viser at sandfrakjonen er dominerande kornstorleik.

Dette kjem seg dels av at kornfordelingsanalysane er utført på oppumpa sediment. Dersom sedimentet er for finkorna let det seg ikkje gjera å pumpa opp sedimentholdig vatn. Fine og grove partiklar vert også tapt ved den nytta metoden for sedimentinnsamling. Det er likevel god grunn til å gå ut frå at sand er dominerande ut frå dei andre undersøkingane som er gjort.

På verksområdet til Norsk Hydro, Sunndal verk er det registrert opptil 50 m med sand og grusavsetningar (Noteby, 1991). Dette indikerer at det ved Driva er mektigare avsetningar av grovkorna sediment over finsand/silt/leiravsetningar enn det er i andre delar av deltaet. Dette tolkar vi som eit resultat av at denne elva har størst kompetanse. Det er tydeleg at Driva er den mest aktive elva i utbygginga av dagens delta. Ein ser dette m.a. på forma på deltafronten og retninga på gamle elveløp.

T.d. boring 11 og 12 viser at i ytre deltaområde er det meir grovkorna materiale i midtre deler av deltaet enn det er der Litledalselva byggjer ut sitt delta (t.d. borhol nr. 3, fig. 2.1).

Som nemnt er det berre i Akvaforsk sine grunnvassverk at det ikkje er registrert problem med innhald av jern (reduserande forhold). Avsetninga som brønnane er plassert i ligg relativt nær isfrontavsetninga i Litledalen. Vi tolkar desse sedimenta til å vera resedimentert glasifluvialt materiale som har vorte avsett tidleg under isavsmeltinga. Som dateringar og funn av organisk materiale viser så er den dominerande delen av deltaet avsett lenge etter isavsmeltinga. Det er ein indikasjon på at det er ein samanheng mellom alderen på avsetningane, kornstorleik og grunnvatnet si samansetning.

Dei eldste avsetningane er grove, resedimenterte glasifluviale avsetningar i nærleiken av isfrontposisjonane. Alderen på avsetningane gjer at det som evt. måtte vera av organisk materiale kan ha vorte nedbrote, men mest truleg har innhaldet vore lågt også i avsetnings-perioden.

Dei grovkorna avsetningane nær isfrontposisjonane er generelt mindre mektige enn lenger ute på deltaet.

Dei Holocene avsetningane er generelt meir finkorna og inneheld relativt mykje organisk materiale.

Det grove topplaget er ikkje utsett for erosjon no fordi landhevninga er relativt liten. Erosjonen som foregår på deltaet no finn stad i elveløpa og ved elvemunningane, der det er

erosjon i eldre deltasediment og avsetning av nye og grovare etter som elveutløpet skifter plass. Dette er spesielt tydeleg ved Litledalselva (Soldal, m.fl., 1992).

Korrelasjon av ulike boringar, georadar pol-dipol og refleksjonsseismiske profil er nytta til å tolka den sedimentologiske oppbygninga av deltaet.

Materialet som er nytta til tolking av sedimentologien ved Litledalselva sitt utløp er presentert i Soldal, m.fl. (1990, 1992).

Georadarmålingane stadfester avsetningsretningane som kjem fram på det kvartærgeologiske kartet (Follestad, 1987). Skrålaga av deltasedimenta er tydelege på georadarprofil 1 (fig. 2.7) og viser ei avsetningsretning mot nordvest.

Georadarmålingane stadfester også det som truleg er karakteristisk for kornstorleksfordelinga på deltaet, nemleg at det grovaste materiale ligg i starten på ein ny utbyggingssyklus (fig. 2.9).

### 3.4 Konklusjon

Akviferen tilhører den delen av deltaet som er utbygd i Holocene. Organisk materiale i avsetninga vert nedbrote og fører til reduserande forhold med bl.a. danning av  $H_2S$ .

Deler av avsetninga i Litledalen (sør for Akvaforsk) er truleg oppbygt av resedimenterte glasifluviale avsetningar som inneheld lite organisk materiale. Grunnvatnet i denne del av magasinet er av god kvalitet.

Både det kvartærgeologiske kartet (Follestad, 1987) og georadarmålingane viser at Driva har stått for ein større del av deltautbygginga enn Litledalselva.

Deltaet er karakterisert av skiftande posisjonar av elvane sine utløp. Elva avset dei grovaste sedimenta nær utløpet. Til sida for, og lengre ute på deltaet vert finare sediment avsett. Når elveosen skiftar posisjon til eit område med relativt finare sediment vil desse verta erodert og erstatta av grovare. Denne vekslinga kjem fram som avsetningar der lagdelinga har større fall og er oppbyggd av grovare sediment (grusig sand) enn til sida for elveløpet der sand er dominerande (Soldal et al., 1992)(fig. 3.1).

## 4 HYDROGEOLOGI

### 4.1 Hydrokjemi

Karakteristisk for det undersøkte området er store hydrokjemiske gradientar, frå salt til ferskt grunnvatn. Eit hovedproblem er å skilja ut kva kjemiske endringar som skuldast blanding mellom salt og ferskt grunnvatn, og kva som skuldast prosessar som adsorbsjon/ionebytte, forvitring og utlekking av gammalt porevatn.

Dei kjemiske likevektene endrar seg i forhold til ulike blandingsforhold av salt og ferskt grunnvatn og det er interessant å estimere kva som vil skje ved utpumping av grunnvatn.

#### 4.1.1 Sulfat

Fig. 4.1 a og b viser at  $\text{SO}_4^{2-}$ -innhaldet aukar med aukande  $\text{HCO}_3^-$ -innhald opptil ein bikarbonataktivitet på 0.003-0.004 mol/l. Ved høgare aktivitet av bikarbonat minkar aktiviteten av sulfat. Chebotarev (1955) presenterer ei vanlig utvikling av grunnvatn der ein ved aukande alder går frå eit område der bikarbonat dominerer over sulfat til eit område der sulfat dominerer over bikarbonat. Dette er illustrert i venstre del av fig. 4.1.

Nedbryting av det organiske materialet som finst i massane skjer først ved utnyttjing av tilgjengeleg  $\text{O}_2$ . Når alt oksygen er brukt opp vil andre kjelder for oksydasjon bli tatt i bruk, til dømes  $\text{SO}_4^2-$ :



(Freeze & Cherry, 1979).

Reaksjonen gjev bikarbonat ( $\text{HCO}_3^-$ ) og hydrogensulfid ( $\text{HS}^-$ ) som endeprodukt. Under pumping av salt;brakt grunnvatn kjende ein sterk lukt av  $\text{H}_2\text{S}$ , noko som også tyder på reduserande forhold.


Ved bakteriologisk nedbrytning av  $\text{CaSO}_4$  kan det verta produsert elementær svovel (Manahan, 1984). XRD-analysar viser at elementær svovel vart utfelt ved pumpebrønnane. Ved aukande salinitet (klorinitet) er det aukande sulfatinnhald (fig. 4.2), det viser at dei reduserande forholda ikkje har sammenheng med med det saltaste vatnet. Djupna til reduserande forhold er vist i fig. 4.3. Det ser ut til at djupna til reduserande forhold kan relaterast til opphaldstid for vatnet.

#### 4.1.2 Adsorbsjon/ionebytte/forvitring

Den elektriske ubalansen som ofte finst på mineralpartiklar kan verta balansert ved adsorbsjon av lada ion. Leire er ofte ein sterk adsorbent sidan den spesifikke overflata er stor og sidan den har elektrisk ladning. Oftast har leirmineral eit overskot av negative ladningar i krystallgitteret. Derfor vil adsorbsjonsprosessar i jord favorisere adsorbsjon av kation. Divalente kation vert generelt sterkare adsorbert enn monovalente. Ein del anion er for store til at dei vert effektivt adsorbert, dette gjeld  $\text{HCO}_3^-$  og  $\text{SO}_4^{2-}$ .

Organisk materiale kan vera ein viktig adsorbent dersom det opptrer i tilstrekkelege mengder i akviferen.

I mange naturlige grunnvatnsystem er ionebytte mellom  $\text{Na}^+$  og  $\text{Ca}^{2+}$  viktig, dette kan illustrerast på følgjande måte



Figur 4.4 a viser forholdet mellom  $\text{Na}^+$  og  $\text{Ca}^{2+}$  som funksjon av pH. Det er stor spreiing av dataene, men ein svak tendens til at  $\text{Na}^+$  aukar i forhold til  $\text{Ca}^{2+}$  ved aukande pH. Ein relativ auking av  $\text{Ca}^{2+}$  i forhold til  $\text{Na}^+$  ved minkande pH kan skuldast større grad av oppløysning av  $\text{CaCO}_3$  og dermed auka  $\text{Ca}^{2+}$ -konsentrasjon.

Ei alternativ tolkning er at til meir negativ ladning som finst på mineraloveroverflatene, til meir adsorbsjon av divalente kation.

Figur 4.4 b viser Na/Ca-forholdet som funksjon av  $\text{Cl}^-$ (salinitet). Vassprøvar som plottar over utblandingslinja for sjøvatn har eit underskot på  $\text{Ca}^{2+}$ -ion i forhold til sjøvatn. Dette kan skuldast at  $\text{Ca}_{2+}$ -ion vert sterkare adsorbert til partiklar enn  $\text{Na}^+$ . Vassprøvar som plottar under utblandings-linja for sjøvatn har overskot på  $\text{Ca}^{2+}$ , dette kan skuldast forvitningsreaksjonar, t.d. oppløysning av  $\text{CaCO}_3$ .

Figur 4.5 viser forholdet mellom  $\text{Na}^+/\text{Cl}^-$  som funksjon av  $\text{Cl}^-$ . Dei fleste prøvene har høgare  $\text{Na}/\text{Cl}$ -forhold enn i sjøvatn. Dette kan skuldast at  $\text{Na}^+$ -ion er sterkare adsorbert til leirpartiklar enn  $\text{Cl}^-$ -ion.  $\text{Na}^+$ -konsentrasjonen er påverka av om det er salt- eller ferskvatn som trengjer inn i ein akvifer.

Mercado (1985) har vist at dersom det er saltvatn som trengjer inn så vil  $\text{Na}/\text{Cl}$ -forholdet minka og dersom ferskvatn trengjer inn, vil forholdet auka. Fig. 4.5 har ei form som er karakteristisk for inntringing av saltvatn i ein akvifer med ferskt vatn av Ca-HCO<sub>3</sub>-type (Mercado, 1985).

$K^+$  har ein høgare affinitet for adsorbsjon enn  $Na^+$ , og  $Ca^{2+}$  har høgare affinitet enn  $Mg^{2+}$ . Generelt gjeld også at divalente ion vert sterkere adsorbert enn monovalente. Figur 4.6 viser forholdet mellom  $Na^+$  og  $K^+$  som funksjon av  $Cl^-$ . Ved låg  $Cl^-$ -konsentrasjon aukar kalium i forhold til natrium, og ved høgare klorinitet er det reduksjon av dette forholdet fordi  $K^+$  også stammar frå forvitring, medan  $Na^+$  hovudsaklig stammar frå sjøvatn.

#### 4.1.3 Metningsgrader

I akviferen er det store hydrokjemiske gradientar. Det er derfor viktig å studere kva som vil skje ved ei eventuell endring av det naturlige miljø. Utpumping av grunnvatn vil medføra at ulike vasstyper kjem i kontakt med kvarandre. Det mest aktuelle problemet er utfellingar i det utpumpa grunnvatnet. Under prøvepumpinga vart det observert utfellingar av elementært svovel.

Metningsgraden av kalsitt og dolomitt er utrekna ved hjelp av PCWATEQ (Rollins, 1989). Metningsgraden i forhold til ionestyrke og pH er vist i fig. 4.7 a og b. Ein ser at metningsgraden aukar med begge desse parametrane.

Vi vil med eit eksempel visa kva som vil skje med metningsgraden av ulike element ved eit bestemt blandingsforhold av ulike vasstypar. På grunnlag av salinitetsverdiar vart det av Soldal et al. 1992, foreslått ein enkel innstrøymingsmodell til pumpebrønnane. Denne modellen vart brukt til å konstruerere ein vasstype som metningsgraden er rekna ut på.

Modellen er basert på at ein blandar ulike vasstypar i ulike mengdeforhold. Vasstypane som inngår (Obs. 7, prøve 35 og 38) er vist i tabell 4.1.

Vatnet som vert pumpa ut (br. II) og den modellerte vassprøven (modell) er også vist i denne tabellen

**Tabell 4.1**

	Obs. 7	Pr35	pr.38	br. II	Modell
I	0.14	0.21	0.55	0.39	0.36
TDS	817	10832	27727	20387	18154
Aragon.	-2.56	-1.48	0.31	0.05	-0.27
Kalsitt	-2.4	-1.32	0.46	0.21	-0.12
Dolomitt	-4.2	-2.16	1.55	1.02	0.35

I = Ionestyrke [-] TDS = "Total Dissolved Solids" [mg/l]

Av ionestyrke og TDS ser ein at modellen ligg nær det observerte i brønn II. Modellen har 10 % for lågt TDS-innhald, dette kan truleg forklara at metningsgradene også er litt lågare i modellen enn i brønnen.

Figur 4.7 a viser forholdet mellom ionestyrke og metningsgrader for kalsitt og dolomitt for dei modellforsøka som er gjennomført. Ein ser at det er eit svakt liniært samband mellom desse parametrane. Derfor går vi ut frå at fig.4.7 kan brukast empirisk. Av figuren ser ein at ved ein ionestyrke på over ca. 0.4 er dei fleste prøvene metta på kalsitt og dolomitt.

